

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 2.november 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 2.november 2021
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Jens Arne Stautland
Opning:	Oddbjørg K. Løkling

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Heine Kaldefoss, Katrine Valvatne Kvernenes, Ståle Betten, Kristine Wiersen.

SAKLISTE

2022/40- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2021/41 -012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøtet 6.oktober 2021

Vedtak: Godkjent

2021/ 42- 002 NyKO-høyringa.

Saksutgreiing: Me har ved fleire høve hatt drøftingar kring høyringsuttale om ny kyrkjeordning. AU har samanfatta drøftingane og kome med forslag til uttale på punkta som ikkje har vore drøfta i soknerådet. AU frå Stord og Nysæter har òg hatt eit fellesmøte i denne saka. I vedlegget finn de forslag til høyringsuttale som soknerådet skal ta stilling til og sende vidare til kyrkjerådet.

Vedtak: Etter ein engasjert debatt i soknerådsmøtet, finn soknerådet at høyringsprosessen ikkje er ein god prosess. Det er ei krevjande sak som er omfattande og samstundes ikkje ferdig utgreidd. For sokneråda er det viktig å forstå korleis dette skal fungere lokalt, og fleire av dei utgreiingane som er sett i gong etter at saka gjekk til høyring, vil kunne vere avgjerande for soknet si vurdering. Spesielt omsyna til lokal leiing og forholdet til kommunane er sentralt.

Overordna meiner me at Müller Nilsen-utvalet har overvurdert det frivillige demokratiske potensialet og den kommunale viljen til å løyve midlar til kommuneoverskridande «kyrkjeprosjekt». Difor finn me ikkje prostifellesrådsmodellen tenleg som ny kyrkjeleg organisering.

Vår vurdering er at ein i fortsetjinga bør fokusera på å finna ordningar som kan samla arbeidsgjevaransvaret så nært som mogeleg opp i mot dagens fellesråd.

Det må være ordningar for kyrkjefagleg kompetanse i dagleg leiar sin stab, og det er svært viktig å ivareta dei tilsette sin faglege fridom knytt til tenesteordningar mm.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 2.november 2021

2021/ 43 - 317 Takkofferliste vår 2022

Saksutgreiing: Soknerådet handsama haust 2019 ein generell plan for tildeling av takkoffer på gudstenestene i Nysæter. Denne planen er utgangspunktet for forslag til takkofferlista som vert lagt fram for soknerådet til godkjenning.

Vedtak: Soknerådet vedtek den førelagde takkofferlista.

2021 /44 - 310 Gudsteneteliste vår 2022

Saksutgreiing: Gudstenesteutvalet har handsama plan for gudstenestene vår 2022. Denne planen vert lagt fram for soknerådet for godkjenning.

Vedtak: Soknerådet vedtek den førelagde gudstenestelista.

2021/45 -120 Budsjett 2022

Vedtak: Då alle budsjettpostane ikkje var oppgraderte enno, vert budsjettframlegget lagt fram til vedtak på neste møte.

- **Drøftingssaker:** Me ynskjer å ha møtepunkt med stabstilsette i soknerådet kvart år. Au foreslår følgjande møtepunkt:
25.januar:trusopplærarane (Elisabeth, Ingvild og Anne)
15.mars:diakonen
19.mars:kantor.
Alle tidspunkta passa for dei tilsette. Etter ynskje inviterer me dei med på AU møtet som er i forkant av møtet dei skal møta på.
- **Meldingar:** Det er ynskje om at det vert kjøpt inn hjartestartar til kyrkja.

Generell info:

- a. Kyrkjelege aktivitetar framover: «Messe for en såret jord». Karen Marie og Oddbjørg tek vertskapsoppgåva. Oddbjørg kontaktar Bjarte Aadland.
- b. Gudstenestene framover

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 7. desember i Nysæter kyrkje kl. 17.00-19.00

Opning: Katrine Valvatne Kvernenes
Kaffi: Heine Kaldefoss